

Kulturplan for Kviteseid sokn - juni 2021

Kviteseid er eit sokn med lange kulturelle tradisjonar og mange dyktige kulturutøvarar. Den verdsvide kyrkja har og ein lang og rik kulturell tradisjon. Kviteseid kyrkjelyd ynskjer å vere bevisste på og vidareutvikle dei kulturelle uttrykka som nyttast i kyrkjelivet i bygda.

Hovudmål:

- Kulturverksemda i kyrkja skal hjelpe tilhøyrarane til å nærme seg den levande Gud. Dette gjeld kulturuttrykk i gudstenester, andre kyrkjelege handlingar, konserter og alt anna som skjer i regi av kyrkja.
- Dette legg nokre føringar for *innhaldet* i det som formidlast, men me ynskjer å vere open for alle moglege kulturuttrykk som kan bere eit slikt innhald.
- Gjennom kulturverksemda i kyrkjelyden ynskjer me å stimulere kreativitet og nyskaping, og bidra til vidareføring av tradisjon og historie. Me ynskjer å nytte musikkuttrykk og andre kulturelle uttrykk frå eit breitt spekter av tider og stader i den versvide kyrkja.
- Gjennom kulturverksemda i kyrkjelyden ynsker me å styrkje banda mellom innbyggjarane i soknet og eiga kyrkje, og mellom dei ulike kyrkjelydane i lokalmiljøet i og utanfor bygda.

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å prioritere både kvalitet og mangfald i dei kunstnarlege uttrykka
- Opprette og vedlikehalde kontakt med kulturaktørar i lokalmiljøet, både profesjonelle og amatørar, og rekruttere friviljuge som vil vere med å realisere måla i planen.
- At kyrkjelydane i nærleiken informerer kvarandre om sine kulturprogram, og marknadsfører til og for kvarandre.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Bibelen inneheld rikeleg med oppmodingar om å synge og spele for Herren, og opp igjennom kyrkjehistoria har musikk og andre kunst- og kulturuttrykk vore viktige element i gudstenester og kyrkjelege handlingar. Når ord kjem til kort, har ulike musikk- og kulturuttrykk ein heilt eigen evne til å kommunisere på ein levande og kjenslenær måte.

Mål for denne verksemda:

- Hjelpe og støtte kyrkjelyden i tilbedinga av den levande Gud. Inspirere til deltaking og engasjement.
- Gje rom for fleire og rikare språk for å uttrykke seg sjølv i møte med Gud, og for å ta imot frå Gud.
- Gje rom for å ta i bruk fleire sansar i gudstenester og kyrkjelege handlingar.

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å nytte varierte musikalske uttrykk i musikk og salmesong. Musikken skal vere berar av nyskaping og tradisjon. Me ynskjer å formidle musikk frå eit mangfald av genre, tradisjonar og tider i den versvide kyrkja. Presten har ansvar for at det tekstlege innhaldet ikkje går imot kristen tro og lære.
- Å nytte varierte uttrykk som appellerer til andre sansar enn høyrsla i gudstenester og kyrkjelege handlingar. Nokre slike uttrykk finst allereie i dei ulike ordningane, til dømes i sakramenta nattverden og dåpen, i vigselsliturgien og i liturgisk utstyr og fast innreining i kyrkjerommet. Taktile sansar kan stimulerast gjennom ulike former for aktivisering og berøring, til dømes i ei bønnevandring. Installasjonar, bilete og andre visuelle uttrykk kan berike kyrkjerommet i enkeltgudstenester (knytt til dagens tema) eller i ein periode. Luktesansen kan stimulerast med røykjelse eller ein lukt knytt til dagens tema.
- Å involvere og engasjere friviljuge og konfirmantar i musikk- og kunstutøving i samband med gudstenestene. Me ynskjer deltaking frå friviljuge både i planleggingsfasen og gjennomføringsfasen. Me ynskjer å lage ein oversikt over friviljuge og andre potensielle lokale musikarar/songarar, og inngå faste regelmessige avtaler med friviljuge så langt som råd. Ha repertoar og forslag til øvingstid klar når ein spør friviljuge i forkant av ein gudsteneste.
- Invitere bygda sine faste kor jamleg til å ta del i gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar. Nytt liturgisk kor ved høgtider og andre passande høve.
- Formidle kunnskap om og opplæring i den liturgien me nyttar, særleg til born og unge og spesielt konfirmantane. Arbeide med aktualisering av musikalske og tekstlege former i liturgien, gjerne i samarbeid med born og unge.
- Om det er mogeleg nytte innslag frå konserter eller andre kulturhendingar på ein nærliggjande gudsteneste.
- I kyrkjelege handlingar ynskjer me å vere open for familien sine ynskje, og finne ein god balanse mellom nyskaping og tradisjon. Me ynskjer å lage og helde ved like ei musikalsk rettleiar for dei pårørande i samband med gravferd, i dialog med gravferdsbyråa.

Samarbeid med heimen

Heimen er ein svært viktig arena for å bringe Kristus vidare til kommande generasjonar. Derfor er det også naturleg at kyrkja støtter heimane i å nytte og vidareføre kulturelle uttrykk for kristen tru.

Mål for denne verksemda:

- At kristne kulturuttrykk vert ein naturleg del av livet i heimen.

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å leggje til rette for at heile familien deltek på gudsteneste, og oppmuntre til å nytte songar og andre kulturuttrykk frå gudstenesta heime. Ein kan til dømes skipa til eit familiekorprosjekt i samband med høgtidene.
- Støtte barnekora i arbeidet med formidling av kristen song og musikk, og i at barna tar desse med til sine eigne heimar. Til dømes kan ein lage ei speleliste til heimane, slik at foreldre og barn kan øve saman og bruke musikken heime.

Samarbeid med barnehage, skule og kulturskule.

Kyrkja er framleis ein viktig arena for religionsutøving og kultur i landet vårt. Derfor er det også naturleg at skuleverket formidlar kulturelle uttrykk for kristen tru.

Mål for denne verksemda:

- At borna skal bli kjent med kristne kulturuttrykk som ein naturleg del av opplæringa i skulen.
- At borna inviterast til å ta del i kristen kulturutøving.

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å tilby musikalske og andre kulturelle ressursar til skule og barnehage, særleg i samband med høgtidene. Til dømes kan organisten eller andre kome på vitjing for å formidle songar, og ungane kan få ein speleliste til å bruke heime.
- Å involvere born i førebuing og gjennomføring av gudstenester.
- Å ha innslag frå kulturskuleelevar i gudstenester og konserter.
- Å nytte, demonstrere og vise fram orgelet, og la born prøve seg på det. Samarbeide med kulturskulen om orgelundervisning når det er aktuelt. Reklamere for kantoryrket og kantorutdanninga på Kvitsund.

Institusjonar

På institusjonane finn me menneske som ofte har eit ekstra behov for omsorg, samstundes som det kan vere vanskeleg å delta på kyrkja sine vanlege arrangement. Då er det naturleg at kyrkja gjer ei ekstra innsats for å gje institusjonsbebuarar gode kulturopplevingar.

Mål for denne verksemda:

- At menneske som ikkje har høve til sjølv å kome til gudstenester og konserter i kyrkja, skal få tilbod om gode kulturopplevingar

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å tilby regelmessige samlingar med song og musikk på institusjonane i soknet.
- Å ta initiativ til eit samarbeid med lokale helseinstitusjonar med tanke på å bruke kyrkjemusikk som behandling og lindring.
- Å leggje til rette for strøyming av utvalde arrangement frå kyrkja.

Konsertar og andre kulturhendingar

Gjennom ein konsert, framføring eller utstilling vil kunstnarlege uttrykk få meir spelerom enn i kyrkjelege handlingar. Dette gjev ei unik mogelegheit til fordjuping. Slike uttrykk er også ein unik mogelegheit til å skape Gudsmøte for fleire folk enn dei som går på messe.

Mål for denne verksemda:

- Skape vide rom for ulike kulturuttrykk som kan gje næring til tilbeding og tru.
- Skape rom for Gudsmøte med låg inngangsterskel.

For å nå desse måla ynskjer me:

- Å sørgje for at det er kulturhendingar i kyrkjelyden jamleg, anten ved at kyrkjelyden arrangerer eigne ting eller at kyrkja vert leigd ut til andre kulturelle aktørar i og utanfor bygda.
- Lage ein brosjyre med utleigeinformasjon som sendast ut til alle som kan vere interesserte i å drive kulturformidling i kyrkja. Brosjyren skal mellom anna innehalde:
 - Rutinar knytt til utleige og prisar.
 - Viktige punkt frå denne kulturplanen.
 - Informasjon om og positiv omtale om dei ulike kyrkjene. Me ynskjer at grendekyrkjene nyttast der det er mogeleg og naturleg.
- Å skape eit økonomisk rammeverk for konsertverksemda etter behov, gjennom soknerådsbudsjett og/eller støtteordningar.

Instrument

Kyrkjeorgla i bygda er påkosta kulturskattar som representerer ulike orgelbyggjetradisjonar. Saman med kyrkjelyden sine piano/flygel er det instrument som er i aktiv bruk i gudstenester, kyrkjelege handlingar og konsertar, og dei må derfor vere stemte og halde vedlike for å fungere slik dei skal.

Mål for denne verksemda:

- At kyrkja sine instrument er stemte, tenlege, og ikkje forfell.

For å nå desse måla ynskjer me:

- At orgelstemmer går over kvart orgel annakvart år, stemmer, utfører nødvendig vedlikehald og melder behov for større vedlikehald og reparasjonar.
- At flygel og piano vert stemt etter behov, og minst ein gong i året.
- At det blir tatt omsyn til instrumenta i samband med planlegging av oppvarmingstider og oppvarmingsmåte i kyrkjene.